

# Gamle fiskevollar ved Naren og Siksjøen



På seinhausten 2007 var Kirsti Jordet og Trygve Nesset på befaring ved Narsjøen og Siksjøen på stadene der vingelsmenen hadde fiskevollar i gamle dagar.

Ved Narsjøen vart det i 1732 fastbuande folk da to familiar frå Persvingelen og Nystu Røe slo seg ned der. Det sto i skyldsettingspappira at dei skulle

passé på at slåttar og fiske ikkje skulle bli brukt av uvedkomande. Dei skulle bruke dei to buvollane ved Narren og Siksjøen til slått og til fiske. Før dei bygde hus til gardsbruk, var det vel ein buvoll med ei eller fleire buer. Ei flate rett nord for Nordigarden heiter framleis Buvollen. Ved Tølløvstrøan ein par

hundre meter nord for fjellstua er det også sagt at det hadde vore fiskebuer.

I 1738 er det opplyst at brukarane på Narbuvoll mellom anna hadde noko Starrslått ved Siksjøen når slåttane ikkje var utbeita av hestane til dei som fiska der

Så var det fiskevollen ved Siksjøen. Ein par kilometers veg søraustover frå Holla er det eit stort, gammalt slåtteng som høyrer til garden Holla. Martin Holden fortel at dei kalla det Buenget. Det vart også kalla Bubakken. Det står ennå att ei løe der. Elles er det to hyttetun som er så fint bygde opp, at eigarane kan vera stolte av det. Her var den gamle Buvollen ved Siksjøen. Ein ser også området fint frå ein open plass på den andre sida av Siksjøen.

På slutten av 1700-talet var siste gongen folk frå Vingelen dreiv det gamle fisket her. Det skreiv Esten Trøen i *Fortællinger om Vindgelen Sogn*, 1897.

Omkring år 1700 skulle ein mann frå Breansgarden, Storgarden, ha sett seg opp ei stugu ved Siksjøen, på eit stalle dei kalla Grubbgjelta, men Vingelismennene øydela båten hans og ville drive han derifrå. Da bygde han seg ein flåttå. Han sette seg opp ei kvern ved Nordstubecken. Kverna reiv dei ned for han. Den flytta han i Vesl-Nørdalen. Der bygde han seinare seter og dreiv jakt og fiske." Det var like bra med fisk og fugl der som i Vangrøftdalen", sa han.

Ved juletider i 1718 kom ei grein av Armfedts arme under leing av generalmajor de la Barre over Kvikne, Vingelen, Tolga og Røros. Det var 300 dragonar, for det meste finnar. Dei tok mat der han var å finne, og folk rømte unna med mat og dyr så godt dei kunne, serleg til setertraktene. Det er tradisjon i

Vingelen at folk derifrå skulle ha rømt "utpå Dalan". Toralf Grue skriv i *Osboka*, 1943, under omtale av Holden, at jule-natta 1718 skulle det ha overnatta 12 vingelismenn i fiskbua ved Siksjøen.

#### *Kjelder*

Os i Østerdalene, 1943, Toralf Grue.  
Bygdebok for Os III, 2001,  
Jon Ola Gjermundsen.  
Narbuvoll, Holden og Kvilvang, 2001,  
John Midtdal og Magne Kvilvang  
Vingelen, 1968, Eystein Eggen.  
Fortællinger om Vindgelen Sogn, 1897,  
Esten Trøen.

Trygve Nettet,  
2500 Tynset